

opplæringskontoret Nordhordland

ÅRSMELDING ÅR 2013

OPPLÆRINGSKONTORET

Opplæringskontoret for Nordhordland er ein medlemsorganisasjon for Opplæringsverksemdar i Nordhordland. Kontorstad er plassert i Knarvik i Lindås kommune.

Hovudoppgåva til Opplæringskontoret er å koordinera og gjennomføra tiltak innan fagopplæring i samsvar med Opplæringslova. Sentrale samarbeidspartar utover medlemsverksemdene er bl.a.; Knarvik vidaregåande skule, Austrheim vidaregåande skule, Hordaland fylkeskommune hovudsakleg ved Fagopplæringskontoret og Opplæringsavdelinga, Region Nordhordland, Nordhordland Handverk- og Industrilag (NHIL) og LO Nordhordland.

MEDLEMSBEDRIFTER:

Ved utgangen av år 2013 hadde Opplæringskontoret 83 medlemsverksemdar. Nye medlemmar i 2013 er: Lyngheiseret, Nomaco services, Mongstadbase, Hindenes Hus og IKT Nordhordland. Ajourført medlemsliste ligg ved årsmeldinga.

STYRET:

Styret for Opplæringskontoret i Nordhordland er samansett i tråd med gjeldande vedtekter og består av 3 representantar frå medlemsbedriftene, ein representant frå vidaregåande skule, ein representant frå NHIL og ein representant frå LO Nordhordland:

Styremedlemmar:

Nils Arne Træland (Lindås VVS Nils Træland) Styreleiar
 Konrad Risnes (Risnes Elektro) nestleiar
 May Eva Sandvik (Lindås kommune)
 Geir Kleppe (NHIL)
 Rektor Knarvik vidaregåande skule; Øyvind H. Oddekalv
 Leiar LO Nordhordland; Silje Nilsen

Personleg vararepresentantar ;

Terje Seim (Seim Bygg AS) vara for Nils Arne Træland
 Sigurd Vabø (YIT, avd. Mongstad) vara for Konrad Risnes
 Dagrun Gunnarson (Fedje kommune) vara for May Eva Sandvik

Rektor Austrheim vgs. vara for rektor Knarvik vgs
Nestleiar LO Nordhordland vara for leiar LO Nordhordland
Eva Karin Klausen vara for Geir Kleppe (NHIL)

I valnemnda sit: Eirik Eknes (Eknes karosseri), Wenche Myrmel (Austrheim kommune) og Oddfrid Hole (Lindås kommune).

ØKONOMI/FORTSATT DRIFT:

I 2013 har omsetjinga auka meir enn forventa. Inntektene ligg over budsjettet, medan me har klart å halda kostnadane lågare enn budsjettert.

Grunnen til at utgiftssida ikkje har auka slik aktiviteten tilseier, er hovudsakleg at kontoret i periodar har vore underbemanna. Stillingen som lærlingekoordinator sto ubesatt i januar, og kontorstillinga sto ubesatt i perioden 1.juni – 31. august, begge i tilknytting til nyttilsetjingar. Dette medførte ekstraarbeid for resterande personell, men innsparing på lønnskostnaden. Totalt har Opplæringskontoret eit overskott på vel 4,7 mill. i 2013, noko høgare enn budsjettert. Styret tilrår å setja av 4 millionar til utbetaling til bedriftene. Og setja av resterande overskott pålydande kr. 795.403,- som eigenkapital til Opplæringskontoret. Dette for å sikra reserve og buffer for framtida.

Årsrekneskapen syner ei oversikt over utvikling og resultat for verksemda ved årsskiftet. Ved oppsett av årsrekneskapen føreset styret vidare drift. Og stadfestar med underskrift at dei ikkje kjenner til andre tilhøve som kan påverka resultatet.

AKTIVITET ÅR 2013:

Styremøte:

Det har vore gjennomført fem styremøte i 2013, der styret har handsama 33 saker. Styret har bl.a. nytta tid på; planar og utvikling, rekrutteringstiltak, drift og økonomistyring.

Personale:

Kontoret er bemanna med 3 stillingar; dagleg leiar, lærlingekoordinator (frå 1. februar) og kontor/prosjektstilling (frå 2. september).

Likestilling:

Opplæringskontoret har ein medviten haldning til likestilling. Styret har i inneverande år, hatt ei overvekt av menn i styret, med 4 av 6 representantar. Opplæringskontoret har i dag berre kvinnelege tilsette. Dei er tilsett pga kvalifikasjonar, ikkje på grunn av kjønn.

Arbeidsmiljø:

Opplæringskontoret fører oversikt over sjukefråvær i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter. Og har i 2013 hatt eit sjukefråvær på 2,7%. Det er ikkje registrert ulykker eller skadar i 2013.

Aktiviteten i opplæringskontoret har liten innverknad på det ytre miljøet. Og me vektlegg å overhalda gjeldande lovar og reglar på området.

Lærlingar:

Opplæringskontoret for Nordhordland hadde registrert 115 lærlingar ved utgangen av 2013. Det vart tatt inn 58 nye lærlingar i løpet av året. 38 lærlingar har fått fagbrevet i løpet av året. Av desse har; 8 oppnådd fagbrev med resultat Bestått Mykje Godt og 30 med Bestått.

Prosjekt:

Ved utgangen av 2013, vart Rekrutteringsprosjektet 2012 -2013, avslutta. Sluttrapport vedlagt årsmeldinga.

I tilsagnet av regionale midlar til rekrutteringsprosjektet (sak N 13/10), vart det tydeleg signalisert at Næringsutvalet meinte at fylkeskommunen burde involverast i ei eventuell vidareføring av rekrutteringsprosjektet.

Så når fagopplæringskontoret i desember 2012, lyste ut tilgjengelege stimuleringsmidlar, vedtok styret å nytta høvet til å vidareføra og utvida arbeidet i rekrutteringsprosjektet.

Me utarbeidde ein treårig prosjektplan for 2013 – 2015, der me innlemma avslutninga av det lokale rekrutteringsprosjektet. Prosjektet fekk tittelen «Saman om fagopplærings i Nordhordland». Prosjektplanen vart styregodkjent og vedtatt igangsatt i sak 12/13.

Fagopplæringskontoret innvilga søknaden med tilsagnsbrev datert 10.04.2013.

Resultata for 2013, framgår av sluttrapporten for Rekrutteringsprosjektet.

Eigne arrangement:

- **25.01.2013: Svennegilde m. fagbrevutdeling**

Markeringa vart halde på Alver Hotell. 29 nyutdanna fagarbeidarar vart invitert til å motta fagbrevet.

Representantar frå bedriftene vart sjølv sagt også invitert, og arrangementet vart avvikla med stil, og dei nyutdanna fagarbeidarane vart gjort stas på.

- **23.02.2013: Lærlingekonkurranse i Sveisefag**

Opplæringskontoret var medarrangør i den lokale sveisekonkurransen for lærlingar. Der seks deltakarar konkurrerte om å bli årets fagarbeidar i Sveisefaget.

- **09.04.2013: Årsmøte**

Årsmøtet vart halde på kantina i kommunehuset i Lindås kommune. Med 12 deltakarar til stades. Årsmøte tok for seg ordinære årsmøtesaker.

- **08.10.2013: Introduksjonssamling for nye lærlingar**

Me inviterer årleg alle nye lærlingar til introduksjonssamling, der me tar for oss fylgjande tema; Generell informasjon, ansvarsfordeling, rettar, plikter og bruk av lærepermen

Arrangementet vart halde på Knarvik vidaregåande skule, med 23 lærlingar som deltakarar.

- **26.-27.11.2013: Yrkes og Utdanningsmesse i Nordhordland**

Opplæringskontoret var også i 2013 medarrangør på Yrkes- og utdanningsmessa som tradisjonen tru vart halde i Nordhordlandshallen.

Me hadde også ein felles annonse i utdanningsavisa (bilag i Strilen), som vart gitt ut i tilknytning til utdanningsmessa.

- **05. – 06.06.2013 : Fellessamling for fleirfaglege opplæringskontor**

I 2013 var det opplæringskontoret for Nordhordland sin tur til å arrangera fellessamling for dei fleirfaglege kontora i Hordaland fylkeskommune. Arrangementet vart lagt til Vestland hotel, med 10 deltakarar frå heile Hordaland. Me hadde oppe tema som; Samfunnskontrakten, rekrutteringstiltak, bruk av stimuleringsmidlar, orientering om vekslingsmodellen, signal om endringar i vidaregåande opplæring, m.m.m.

Diverse:

Dagleg leiar har deltatt på fylgjande kurs, seminar og nettverksamlingar:

- Hordaland Fylkeskommune si fellessamling for opplæringskontor i febr. 2013.
- Leiarnettverket ”*tryggare styring*”, temasamlingar i regi av NHIL.
- To strategi-møte med fagopplærings sjefen (valt medlem i arbeidsutval)
- Deltatt i Nettverket for å hjelpa ungdom i Nordhordland (Ungdomsnettverket)

Dei tilsette har også deltatt på målretta kurs/samlingar innan sine ansvarsområde, bl.a.:

- Rekneskap og Lønn (Uni Micro)

Andre oppgåver:

- Me har vitja 82 medlemsbedrifter ein eller fleire gongar.
- Gjennomført om lag 200 oppfølgingsmøte med lærlingar
- Ordna med formelle godkjenningar (godkjenning av bedrifter, lærekontrakter, oppmeldingar , endringar osv.)
- Bestilt teori og meldt opp lærlingar til manglande teorieksamenar
- Rettleia 42 praksiskandidatar
- Vitja potensielle medlemsbedrifter og orientert om Opplæringskontoret
- Vore rundt i vg1 og vg2 klassar og orientert om lærlingeordninga.
- Synleggjort Opplæringskontoret, og våre medlemsbedrifter, gjennom annonsar og redaksjonell omtale. Me har totalt hatt 24 oppslag med redaksjonell omtale (om kontoret, medlemsbedrifter og/eller lærlingar) og to annonsekampanjar; med ledige lære plassar i februar 2013 og synleggjering av opplæringsbedriftene i utdanningsavisa i november 2013.

KNARVIK 04.03.2014



NILS ARNE TRÆLAND

Styreleiar



SILJE NILSEN

styremedlem



KONRAD RISNES

nestleiar



GEIR KLEPPE

styremedlem



ØYVIND H. ODDEKÅLV

styremedlem



MAYEVA SANDVIK

styremedlem



LILLIAN V. MONGSTAD

dagleg leiar